

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag, onsdag 23. mars 2011.

Til stades:

Dan Danielsen, Bjørg Samland, Gerd Haugen, Einar Ystevik, Jane Lene Svåsand, Hallvard Samland, Ole-Gisle Vassel.

Forfall:

Sak 1, Konstituering av styre.

Leiar: Dan Danielsen (valgt av årsmøte).

Styret konstituerte seg slik:

Nestleiar: Hallvard Samland.

Kasserar: Gerd Haugen.

Skrivar: Ole-Gisle Vassel.

Styremedlem: Bjørg Samland.

Styremedlem: Einar Ystevik.

Styremedlem: Jane Lene Svåsand.

Styret sin ungdomsrepresentant i Kultur- og Trivselsgruppa: Jane Lene Svåsand.

Styret sin representant i Herand Bygdeblad: Einar Ystevik.

Sak 2, Herand Barnehage.

Leiar og kasserar har med bakgrunn i barnetalet og alder på borna i barnehagen utarbeidd økonomibudsjett for 2011 som samla for året syner eit mindre overskot. Styret vil ha oppfølging på barnehagedrifta i høve til budsjettet i månedlege møter i 2011.

Leiar har vore i samtalar med Jondal kommune og avtala at det vert utarbeida kommunale retningsliner for private barnehagar i Jondal. Dan Danielsen, Einar Ystevik og Gerd Haugen deltar frå Herand Bygdelag i drøftingsmøte med kommunen om utforming av retningslinene.

Med bakgrunn i overståande vedtok styret einstemmig å halde fram drifta av Herand Barnehage.

Sak 3, Ymse.

- Den årlege byggedugnaden vert sett til laurdag 30. april.
Dan Danielsen tar kontakt og inviterar lag og organisasjonar til eit planleggingsmøte for gjennomføring av dugnaden.
- Herandsdagane vert laurdag og søndag 2. og 3. juli. Fleire lag, organisasjonar og enkeltpersonar har meldt om at dei ynskjer å delta med aktivitetar.
- Skrivar er ansvarleg for innkalling til styremøta minst ei veke før møtedagen.
Onsdagar kl 19.00 vert møtedag, planlagte styremøter før sommarferien er 27. april, 25. mai og 22. juni.

Ole-Gisle Vassel/skrivar.